

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag **24. februar 2016** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen (ny sal)
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.15 – kl. 16.10
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Nils Terje Oma (Ap), Johannes Vestbø (Sp), Marit Aga Hustvedt (Ap), Gunn Haraldseid (H) og Kristian Haraldson Rasset (BBL)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Jan G. Schmidt - KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Rådmann Kristian Birkeland i sak 02/16
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 01/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.12.15**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 02.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet:**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.02.16:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 02.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 02/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «TEKNISK SEKTOR»**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Teknisk sektor» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet:**

Leiar orienterte om saka. Utvalet var nøgd med rådmannen si oppfølging og hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.02.16:**

*Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Teknisk sektor» til orientering.*

*Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.*

## **SAK 03/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.

### **Innstilling til kommunestyret:**

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet:**

Leiar orienterte. Utvalet slutta seg til innhaldet slik det var lagd fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.02.16:**

*Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2015.*

### **Innstilling til kommunestyret:**

*Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.*

## **SAK 04/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.02.16**

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
4. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
5. Årsrapport 2015 - skatteoppkrevjaren i Vindafjord kommune
6. Skatterekneskapen 2015
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune

9. Fylkesmannen – informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2016
10. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ.
11. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutval 23.11.15
12. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
13. Årshjul – kontrollutvalets oppgaver

### **Handsaming i kontrollutvalet:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Oma og Rasset refererte frå NKRF-konferansen. Det hadde vore ein lærerik og interessant konferanse, og ikkje minst imponerende gjennomføring med meir enn 800 deltakarar.

Det blei stilt spørsmål i Årsrapporten om eit beløp på ca. 36 mill. kr som er restansar frå 2010 og eldre. Sekretær skulle undersøke kva dette høge beløpet skyldast. I etterkant har skatteoppkrevjaren opplyst at ca. 28 mill. kr skyldast eit vedtak i 2014 om utlikning av skatt av eit AS for 2008.

Vestbø etterlyste opplysningar om kommunen sine årlege utgifter til interkommunale selskap. Utvalet var samd om at dette burde ha kome fram i Eigarskapsmeldinga, som kommunestyret hadde handsama i møtet 23.02.16.

Utvalet hadde ingen vesentlege merknader til dei andre referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.02.16:**

*Referatsaker 1 – 13 blir tatt til orientering.*

### **EVENTUELT:**

#### Endring av møtedato:

Utvalet vedtok å endra møtedato for neste møte frå 20.04.16 til **måndag 02.05.16**. Det skyldast at leiar vil vera bortreist, og utvalet ønskte at møtedato blei endra.

#### Vegsak på Bjoa

Leiar opplyste at han hadde blitt kontakta av ein innbyggjar på Bjoa. Innbyggjaren ønskte at utvalet skulle ta opp ei sak som handla om vegrett. Leiar orienterte kort om saka. Utvalet var samd om at dette var ei sak som ikkje høyrer inn under deira mandat. Sekretær opplyste at innbyggjaren hadde fått brev med det same svaret i 2013.

**Neste møte: måndag 02.05.16, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 24.02.16

Nils Terje Oma  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær